

Insendar

Inge Olai Sønnerheim, Kvålsvegen 1, 5745 Aurland

Eigar av Gnr. 21 Bnr. 21, m.fl.

Telefon 90884683, Epost: ingeos@online. no

Uttale Låvi Kraftverk

Planane er so omfattande og lite detaljere at det vanskeleg å ha nokon merknad, men der noko som vart teke opp på møtet som var Vassbygdi 14.04.26.

Tilkomsten til Aurland 1 er dårleg kombinasjon med at det ogso er ein del av Fv 50 og kan ikkje brukast som massetransport frå ny tunell.

Etter det eg har høyrte var det planlagt at koplingsanlegget skulle vere oppover i Hagane mot Sva bru. Det skulle støypast ein vegg for kablane ut gjennom tunellen. Linja var då stukken fram Aurlandsdalen, det var då naturleg. Det hadde då vore berre at ei køyrebana. Det er det i praksis og i dag. Det er lite plass for store køyretøy særleg i krysset inn til kraftstasjon. Har sjølv køyrt etter fleire store bilar som har teke opp i tunelelltaket. Det viser på fjellet merke etter dette. Som ein konsekvens er det lysregulering der.

Det har vore mange ulukker i krysset, både køyretøy som kjem nedover og mange manglar bremsar på grunn av varmgang, bilar som har vore på tur oppover. Det er som er bra er at har vorte litt betre skilting.

Men når det no skal lagast ny tunell for massetransport, må den byggast slik at den kan brukast som ein del av Fv 50 etter anleggsperioden er ferdig. Det framlagde kartet er så stor målestokk at det vanskeleg å sei noko korleis det kan løysast.

Det Hafslund som eig grunn for vegbana. Det vart tilbode om å utbetala for grunnen for nokre år sidan men prisen vart ikkje godteken av grunneigarane.

Ser det er ei liste over grunneigarar. Der er ikkje Gnr. 19 Bnr. 21 med .

Underteikna kjøpte det bruket i 1974. Bruke vart delt i 1914 og alle teigane som følte med det bruksnummeret er beskrivne. 3 av teigane ligg i Gnr. 18. 2 av teigane ligg i fjellsida mellom Sva bru og Bjelde bru. Den tredje ligg i Lovisberget, den er med i erstatningsjønnnet, då oppgjeve som tilhøyrande Gnr. 18 Bnr. 8. Det er feil

Teigen er inntakinga på sjønnskartet for Lovisberget